

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 14.09.2021
SAKSHANDSAMAR: Hilde Rudlang
SAKA GJELD: **Regional plan for habilitering og rehabilitering**

ARKIVSAK: 2020/81
STYRESAK: **086/21**

STYREMØTE: **30.09. 2021**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Vest RHF legg regional plan for habilitering og rehabilitering til grunn for vidare utvikling av tenestene
2. Styret vil ha rapport på etterleving av planen i tertialrapportering og årleg melding

Oppsummering

Utkast til oppdatert regional plan for habilitering og rehabilitering blei lagt fram til foreløpig behandling i styret i Helse Vest i sak 53/21 den 16. juni 2021. Styret bad om at oppdatert regional plan for habilitering og rehabilitering blir lagt fram til endeleg behandling i etterkant av styrebehandling i helseføretaka og gjennomgang i regionalt brukarutval.

Regionalt brukarutval og styra i helseføretaka som har behandla planen, støtter innhaldet i dei sju prioriterte innsatsområda for habilitering og rehabilitering. Innspel til endringar i planutkastet er innarbeidd, og planen er å finne her: www.nestegenerasjonplan.no/heim-planoversikt/regional-plan-for-habilitering-og-rehabilitering

Etter at innspela er innarbeidd, er dei sju prioriterte innsatsområda i regional plan for habilitering og rehabilitering som følger:

1. Styrke samarbeidet med kommunane gjennom betre implementering av koordinatorordninga i sjukehusa
2. Inkludere habilitering for barn og unge i «Barn og unges helseteneste»
3. Styrke medisinsk og helsefagleg kompetanse i habilitering for barn, unge og vaksne
4. Tidleg start av rehabiliteringa
5. Redusere variasjonane i seinfaserehabilitering
6. Vidareutvikle infrastruktur for samarbeid på tvers om forskning og kunnskapsutvikling
7. Utvikle styringsdata og datakvalitet

Fakta

Utkast til oppdatert regional plan for habilitering og rehabilitering blei lagt fram til foreløpig behandling i styret i Helse Vest i sak 53/21 den 16. juni 2021. Styret hadde følgjande innspel til planen:

- Samarbeidet med kommunehelsetenesta bør tydeleggjerast. Etterleving av planen må skje i samarbeid med Helsefellesskapa og kommunane.
- Det bør innarbeidast eit målepunkt på pasienten si oppleving av innhald og kvalitet i tenesta.
- Rapportering til styret på etterleving av planen vil skje i tertialrapportering og Årleg melding.

Styret gjorde følgjande vedtak:

1. Styret i Helse Vest tar saka til orientering. Administrasjonen innarbeider innspela frå styret i det vidare arbeidet.

2. Styret ber om at oppdatert regional plan for habilitering og rehabilitering blir lagt fram til endeleg behandling i etterkant av styrebehandling i helseføretaka og gjennomgang i regionalt brukarutval.

Utkastet til regional plan for habilitering og rehabilitering blei behandla av styra i Helse Bergen, Helse Fonna og Helse Førde i våren 2021. Styret i Helse Stavanger vil få saka i møte i september. Regionalt brukarutval behandla planen i møte 8. september.

Kommentarar

Styrebehandling i helseføretaka

Styret i Helse Førde HF handsama saka 25.05.2021 (sak 32/2021) og gjorde følgjande vedtak:

1. Styret støttar «Utkast til oppdatert regional plan for habilitering og rehabilitering. Prioriterte innsatsområde,» april 2021 i Helse Vest.
2. Styret vurderer at planen vil vere eit godt verktøy og retningsgjevande for regionen og Helse Førde sitt vidare arbeid innan dette viktige området. Innfasing av tiltak i føretaket må sjåast ut frå ei samla vurdering av status, behov og ressursar. Det vert også viktig å samarbeide med og samordne arbeidet med kommunane i helsefelleskapet.
3. Styret ber om å bli orientert om vedteken plan etter handsaming i Helse Vest sitt styre, saman med ei løypemelding frå Helse Førde sitt utviklingsprosjekt for habiliterings-/rehabiliteringsområdet.

Styret i Helse Fonna HF behandla saka 27.05.2021 (sak 43/21) og gjorde følgjande vedtak:

Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør sende høyringssvar til Helse Vest RHF på Regional plan for habilitering og rehabilitering i tråd med forslaget og dei innspela som kom fram i styremøtet.

Høyringsuttale frå Helse Fonna HF:

Nasjonale overordna føringar

Under dette punktet i planen refererer ein mellom anna til Opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering (2017-2019). Det bør komme betre fram at det Regjeringa ønska med denne opptrappingsplanen var å bidra til at kommunane betre vert sett i stand til å gje eit godt tilbod til innbyggjarane i denne gruppa. Evalueringa frå 2021 viser at det har vore ei viss styrking av levering av rehabiliteringstenester, medan det derimot er lite som tyder på at habiliteringsfeltet har blitt vesentleg styrka. Denne opptrappingsplanen har ikkje ført til ei styrking av habilitering og rehabilitering i spesialisthelsetenesta.

Prioriterte innsatsområde

Helse Fonna gir si tilslutning til dei sju prioriterte hovudområda.

Habilitering for barn, unge og voksne blir i styringsdokument 2021, pkt.4.1.5, løfta opp som eit prioritert område i Helse Vest, både regionalt og i kvart helseføretak. Tal frå Samdata-rapport viser at Helse Vest er den regionen der færrest barn og unge mottar habilitering i spesialisthelsetenesta. Det er store skilnader i talet på fagstillingar per 10.000 innbyggjarar - landsgjennomsnittet har 4,6 og Helse Vest har 2,8.

Styringsdokument 2021 til helseføretaka i Helse Vest seier at ein skal auke ressursane til habilitering for å sikre fagleg kvalitet, kompetanse og likeverdige tenestetilbod og samhandling i habiliteringstenestene, i samsvar med rettleiaren til Helsedirektoratet.

For å tydeleggjere dette i planen bør prioritert innsatsområde 3 endrast frå «Styrking av legeressursar og nødvendig kompetanse i habilitering for barn, unge og voksne» til «Styrking av fagstillingar i habilitering for barn, unge og voksne». Innhaldet og forståinga er den same, men ein får betre synleggjort at det er behov for ei generell auke i fagstillingar (til dømes vernepleiar, sosionom, barnevernspedagog, fysio- og ergoterapeut, psykologspesialist og legespesialist).

Styret i Helse Bergen HF handsama saka 11. juni 2021. Helse Bergen gir si tilslutning til oppdatert plan for habilitering og rehabilitering.

Styret i Helse Stavanger HF vil, etter det administrasjonen i Helse Vest RHF er orientert om, få saka framlagt i september. Møtet er fastsett til 22. september. Vi tar dermed sikte på å kunne orientere styret i Helse Vest munnleg i møtet 29. september om innspel frå styret i Helse Stavanger.

Uttale frå regionalt brukarutval

Regionalt brukarutval hadde ein gjennomgang av planen i møte 8. september, og har gitt følgjande uttale:

RBU ser at den oppdaterte planen inneholder en rekke gode forbedringstiltak som vil bidra til at en når de overordnede målene, og vi er enige i at disse målene videreføres.

Oppfølging av hovedmålene vedr. pasientens opplevelse av tjenestene, oppfyllelse av pasientens egne mål og habilitering/rehabilitering inn i relevante pasientforløp er alle tre noen av de viktigste målsettingene for oss. Vi hadde derfor ønsket at oppfølging av disse målene kom enda sterkere fram i den oppdaterte planen.

Vi savner avsjekk med pasienten underveis for å sikre at en er på rett vei – slik at en kan justere opplegget for å nå målene for rehabiliteringen, og en må selvfølgelig til slutt avklare med pasienten om målene er nådd og hvordan opplegget har fungert, og ev. om det er nødvendig med ytterligere tiltak/oppfølging – dette i tillegg til at jevnlig pasienterfaringsundersøkelser gjennomføres.

Å få rehabilitering inn i standardiserte pasientforløp som sikrer at pasienten får tilpasset rehabiliteringstilbud til rett tid bør være et av de virkelige prioriterte tiltakene.

Dette står som tiltak under to av innsatsområdene, men vi savner indikatorer som er egnet til å følge opp at dette virkelig blir gjort og fulgt opp.

Endringar i planutkastet

På grunnlag av innspela er følgjande endringar innarbeidd i den digitale planen:

- Bakgrunn:
 - Det er presisert at helseføretaka i oppfølginga av den regionale planen må samarbeide med kommunane og samordne arbeidet gjennom helsefellesskapa.
 - Bakgrunnsinformasjon som inngår i den digitale planen er korta ned samanlikna med tidlegare utkast. Referansen til Opptrappingsplanen for habilitering og rehabilitering som Helse Fonna viser til i høyringsuttalen sin, er tatt ut m.a. fordi den primært var retta inn mot utvikling av tilbudet i kommunane.
- Innsatsområde 1: Styrke samarbeidet med kommunane gjennom betre implementering av koordinatorordninga i sjukehusa:
 - I overskrifta på innsatsområdet og i dei konkrete måla for området er det presisert at vi gjennom betre implementering av koordinatorordninga i sjukehusa også vil styrke samarbeidet med kommunane.
- Innsatsområde 3: Styrke medisinsk og helsefagleg kompetanse i habilitering for barn, unge og vaksne:
 - For å presisere at det er behov for ei generell styrking av fagpersonellet i habiliteringstenestene, er overskrifta på innsatsområdet endra frå «Styrke legeressursar og nødvendig kompetanse i habilitering for barn, unge og vaksne» til «Styrke medisinsk og helsefagleg kompetanse i habilitering for barn, unge og vaksne»
 - Indikatorar på måloppnåing er supplert med eit nytt punkt om pasientane sine erfaringar med innhald og kvalitet i tenestene.
- Innsatsområde 5 Redusere variasjonane i seinfaserehabilitering
 - Det er lagt til eit fjerde mål for området: Rehabilitering inngår som ein del av pasientforløpa der det er fagleg grunnlag for å gjennomføre rehabiliteringstiltak.
 - Det er lagt til ein ny indikatorar om pasientane sine erfaringar med innhald og kvalitet i tenestene.

Indikatorar for oppfølging av planen

Arbeidet for å få på plass indikatorar for måloppnåing for kvart innsatsområde er under oppstart. Det blir lagt opp til å utarbeide faglege rapportar for habilitering og rehabilitering i det regionale systemet for styringsinformasjon.

Målepunkt på pasienten si oppleving inngår i fleire av innsatsområda, og det vil bli arbeidd med å vidareutvikle og gjennomføre pasienterfaringsundersøkingar:

- Innsatsområde 1 om implementering av koordinatorordninga: Pasienterfaringsundersøking om opplevd koordinerte tenester

- Innsatsområde 3 om å styrke medisinsk og helsefagleg kompetanse i habilitering for barn, unge og vaksne: Pasienterfaringar med innhald og kvalitet i tenesta
- Innsatsområde 5 om å redusere variasjonane i seinfaserehabilitering: Pasienterfaringar med innhald og kvalitet i tenesta

Konklusjon

Prioriterte innsatsområde

Etter at innspela er innarbeidd, er dei sju prioriterte innsatsområda i regional plan for habilitering og rehabilitering som følgjer:

1. Styrke samarbeidet med kommunane gjennom betre implementering av koordinatorordninga i sjukehusa
2. Inkludere habilitering for barn og unge i «Barn og unges helseteneste»
3. Styrke medisinsk og helsefagleg kompetanse i habilitering for barn, unge og vaksne
4. Tidleg start av rehabiliteringa
5. Redusere variasjonane i seinfaserehabilitering
6. Vidareutvikle infrastruktur for samarbeid på tvers om forskning og kunnskapsutvikling
7. Utvikle styringsdata og datakvalitet

For kvart innsatsområde er det ein kort omtale av bakgrunnen for tiltaket, konkrete mål, tiltak for å nå måla og indikatorar for å kunne følgje med på innsatsområda. Det vil rapporterast til styret på etterleving av planen i tertialrapportering og årleg melding.

Den regionale planen er tilpassa det kortfatta digitale formatet for «neste generasjon planar», og er å finne her: www.nestegenerasjonplan.no/heim-planoversikt/regional-plan-for-habilitering-og-rehabilitering.